



Lærdal kommune

Kommunestyret

MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 26.03.2026

Møtetid: Kl. 9:00 - 13:30

Møtestad: Lærdal rådhus

Saksnr.:

Følgjande medlem møtte	Parti
Anne Karin Brugrand	AP
Audun Mo	AP
Birgit Olaus Lervik	AP
Elin Bjørkum	AP
Hallvard Trohaug	AP
Janne Marie Reppen	AP
Jon Martin Valaker Nes	AP
Olav Grøtnebø	AP
Robert Lysne Elgåen	AP
Frøydís Helland	H
Gunn Kirsti Offerdal	SP
Jan Geir Solheim	SP
Njål Kaardal Golf	SP
Stian Offerdal Vatlestad	SP
Viktor Yttri	SP
Laila Elvagjeng	SV
Sæmund Stokstad	SV

Ugilde	Sak	Følgjande varamedlem møtte
Jan Geir Solheim	023/26	

Møteleiar:	Ordførar Audun Mo
Frå adm. møte:	Kommunedirektør Audun Mo og møtesekretær Jorunn Hatlevoll
Dokument utlevert i møtet:	

Merknader:

Kommunalsjef Harald Stadheim var til stades og orienterte ved handsaming av sak 015/26

Kommunalsjef Camilla Grøttebø var til stades og orienterte ved handsaming av sak 019/26

Saksliste

Sak nr	Sakstittel	Gradering
PS-013/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS-014/26	Orientering, meldingar og skriv	
PS-015/26	Etablering av kunstisbane i Lærdal - Sluttrapport frå styringsgruppa	
PS-016/26	Årsmelding frå kontrollutvalet for 2025	
PS-017/26	Forvaltningsrapport - Bu og miljøtenesta	
PS-018/26	Deltaking i Vest brann og redningsregion KO – utvida regionsamarbeid.	
PS-019/26	Forskrift om skulefritidsordning (SFO) i Lærdal kommune - utsett 005/06	
PS-020/26	Etablering av klyngetun	
PS-021/26	Ivar Raa - Søknad til nærings- og konsesjonsavgiftsfondet	
PS-022/26	Veteranplan for Sognaregionen	
PS-023/26	Mogleg utvida skjenketid under Fotball VM 2026	
PS-024/26	Søknad om mellombels finansiering av moms til Borgund aktivitetspark	
PS-025/26	Godkjenning av Møteprotokoll	

013/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren si tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjend

26.03.2026 Kommunestyret

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

KS - 013/26 Vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjend

014/26 Orientering, meldingar og skriv

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret tek orienteringa til vitande.

26.03.2026 Kommunestyret

Handsaming i møtet

- Sygnir kunne ikkje møta, men kjem til neste kommunestyremøte.
- Framtidshavet - Rein Sognefjord v/Kenneth Bruvik hadde si orientering vart flytt til etter lunsj
- Kommunedirektøren informerte om førebels årsrekneskap og flaumsikringsprosjektet.
- Ordførar informerte om flaumsikringsprosjektet, KS sin toppolitiske konferanse og om Helse Førde sitt tilbod om poliklinisk behandling ved Lærdal sjukehus.

KS - 014/26 Vedtak

Kommunestyret tek orienteringa til vitande.

015/26 Etablering av kunstisbane i Lærdal - Sluttrapport frå styringsgruppa

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek at Lærdal kommune ikkje kan støtta prosjektet Sogn Ispark økonomisk, slik finansieringsmodellen legg opp til.

12.03.2026 Lærdal ungdomsråd

Endringsframlegg, foreslått av Sebastian Olsen Haugen,

Kommunestyret vedtek at Lærdal kommune støttar prosjektet Sogn Ispark økonomisk, slik finansieringsmodellen legg opp til.

Røysting:

Endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

UNG - 006/26 Vedtak

Kommunestyret vedtek at Lærdal kommune støttar prosjektet Sogn Ispark økonomisk, slik finansieringsmodellen legg opp til.

19.03.2026 Formannskapet

Nytt framlegg, foreslått av Viktor Yttri, Senterpartiet

Kommunestyret ber prosjektgruppa om å utgreie alternativ løysing for isbane, med islagte flater for lek og moro i fokus. Utgreidd løysing skal presenterast innan oktober 2026.

Utgreiinga skal innehalde finansieringsplan og driftskonsekvensar. Prosjektet må ha eit mål om reduserte driftskostnader i forhold til noverande framlegg. Prosjektet skal vurderast i samband med rullering av økonomiplan for 2027 til 2030. Det vert løyvd inntil kr. 150 000,- til vidare utgreiing. Tilskot til utgreiing skal finansierast med midlar frå nærings- og konsesjonsavgiftsfondet.

Handsaming i møtet

Røysting

Det vart fyrst røysta om framlegget frå Viktor Yttri (SP):

For: 1 røyst (SP)

Mot: 4 røyster (AP, H)

Framlegget fall med 1 mot 4 røyster

Kommunedirektøren si tilråding:

For: 3 røyster (AP Audun Mo, Janne Marie Reppen) og (SP)

Mot: 2 røyster (AP Birgit Lervik) og (H)

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart vedteken med 3 mot 2 røyster

FS - 016/26 Vedtak

Kommunestyret vedtek at Lærdal kommune ikkje kan støtta prosjektet Sogn Ispark økonomisk, slik finansieringsmodellen legg opp til.

26.03.2026 Kommunestyret

Nytt framlegg frå SP og H, foreslått av Stian Offerdal Vatlestad, Senterpartiet

- a. Lærdal kommune ønsker å etablere ei kunstisbane i Lærdal og garantere for drifta av dette i 30 år slik at spelemidlar kan utløysast.
- b. Lærdal kommune vil gje eit tilskot til bygging av kunstisbane, forutsett at ekstern fullfinansiering kjem på plass.
- c. Lærdal kommune vil gje garantiar for mellomfinansiering av spelemidlar og meirverdikompensasjon
- d. Lærdal kommune vil bidra med eit årleg driftstilskot knytta til straum på kr. 300 000,- som skal indeksregulerast årleg.
- e. Sogn Ispark skal i tett samspel med kommunen og næringslivet sjå på ulike alternativ for realisering av kunstisbane i Lærdal som er i tråd med måla og intensjonane i planverket, med fokus på islagte flater for allsidig aktivitet og arrangement.
- f. Anlegget skal prosjekterast med moglegheit for framtidig varmegjenvinning.
- g. Endeleg prosjektert løysing skal presenterast til kommunestyret innan oktober 2026 som vil fatta endeleg investeringsbeslutning innan utgangen av 2026.

Handsaming i møtet

Røysting:

Framlegg frå SP og H: 8 røyster (SP: Stian Offerdal Vatlestad, Jan Geir Solheim, Njål Kaardal Golf, Viktor Yttri H: Frøydis Helland AP: Elin Bjørkum, Birgit Olaug Lervik, Anne Karin Brugrand)

Tilrådinga frå formannskapet : 9 røyster (AP: Jon Martin Nes, Hallvard Trohaug, Olav Grøttebø, Robert Lysne Elgåen, Janne Marie Reppen, Audun Mo, SV: Laila Elvagjeng, Sæmund Stokstad SP: Gunn Kirsti Offerdal)

Tilrådinga frå formannskapet vart vedteken med 9 mot 8 røyster

KS - 015/26 Vedtak

Kommunestyret vedtek at Lærdal kommune ikkje kan støtta prosjektet Sogn Ispark økonomisk, slik finansieringsmodellen legg opp til.

016/26 Årsmelding frå kontrollutvalet for 2025

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret tek orienteringa frå kontrollutvalet til vitande.

26.03.2026 Kommunestyret

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

KS - 016/26 Vedtak

Kommunestyret tek orienteringa frå kontrollutvalet til vitande.

017/26 Forvaltningsrapport - Bu og miljøtenesta

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret sluttar seg til kontrollutvalet sine tilrådingar for å styrkja Lærdal kommune sitt arbeid med bu- og miljøtenesta. Følgjande tiltak skal setjast i verk:

1. Sikra gjennomføring og oppfølging av arbeidet med å systematisera revisjon av vedtak.
2. Utarbeida ein tydelegare struktur og innhald i styringsdokument i tenesta, samt vurderer behov for fleire styringsdokument og sikra systemet for gjennomføring av dokumentrevisjon.
3. Planleggja tiltak for å utvikla og styrka dagtilbodet for brukarane i Bu- og miljøtenesta.

26.03.2026 Kommunestyret

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

KS - 017/26 Vedtak

Kommunestyret sluttar seg til kontrollutvalet sine tilrådingar for å styrkja Lærdal kommune sitt arbeid med bu- og miljøtenesta. Følgjande tiltak skal setjast i verk:

1. Sikra gjennomføring og oppfølging av arbeidet med å systematisera revisjon av vedtak.
2. Utarbeida ein tydelegare struktur og innhald i styringsdokument i tenesta, samt vurdere behov for fleire styringsdokument og sikra systemet for gjennomføring av dokumentrevisjon.
3. Planleggja tiltak for å utvikla og styrka dagtilbodet for brukarane i Bu- og miljøtenesta.

018/26 Deltaking i Vest brann og redningsregion KO – utvida regionsamarbeid.

Kommunedirektøren si tilråding:

Lærdal brann og redning søkjer om deltaking i Vest brann og redningsregion - VBR KO.

Kostnaden med innmelding og deltaking vert innarbeid i revidert budsjett i samband med 1. tertialrapport.

19.03.2026 Formannskapet

Handsaming i møtet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 017/26 Vedtak

Lærdal brann og redning søkjer om deltaking i Vest brann og redningsregion - VBR KO.

Kostnaden med innmelding og deltaking vert innarbeid i revidert budsjett i samband med 1. tertialrapport.

26.03.2026 Kommunestyret

Handsaming i møtet

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 018/26 Vedtak

Lærdal brann og redning søker om deltaking i Vest brann og redningsregion - VBR KO.

Kostnaden med innmelding og deltaking vert innarbeid i revidert budsjett i samband med 1. tertialrapport.

019/26 Forskrift om skulefritidsordning (SFO) i Lærdal kommune - utsett 005/06

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek forskrift for skulefritidsordninga (SFO) i Lærdal kommune med følgjande endringar:

- Frist for påmelding til sommarferie-SFO endrast til 15. april for å samsvare med barnehage.
- Leiingsstruktur vidareførast men med SFO-koordinator i staden for SFO-leiar, med presisering av at personal- og økonomiansvar ligg hjå rektor. Legge til ei presisering på at det er 0,25%adm pr barn frå de 21 bornet.
- Presisering av gratistilbod i feriar
- Opningstid i feriar fastsetjast, med minimum opningstid 08.00–15.30 og moglegheit for samordning av SFO tilbod ved behov for lengre opningstid.
- Bemanningsnorm vidareførast med formuleringa «kortare periodar» utan ytterlegare presisering.
- Leggje til pkt om oppseiing dersom plassen vert lite nytta under §7
- Dagens definisjon av SFO-året vert vidareført.

19.03.2026 Formannskapet

Handsaming i møtet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 024/26 Vedtak

Kommunestyret vedtek forskrift for skulefritidsordninga (SFO) i Lærdal kommune med følgjande endringar:

- Frist for påmelding til sommarferie-SFO endrast til 15. april for å samsvare med barnehage.
- Leiingsstruktur vidareførast men med SFO-koordinator i staden for SFO-leiar, med presisering av at personal- og økonomiansvar ligg hjå rektor. Legge til ei presisering på at det er 0,25%adm pr barn frå de 21 bornet.
- Presisering av gratistilbod i feriar
- Opningstid i feriar fastsetjast, med minimum opningstid 08.00–15.30 og moglegheit for samordning av SFO tilbod ved behov for lengre opningstid.
- Bemanningsnorm vidareførast med formuleringa «kortare periodar» utan ytterlegare presisering.
- Leggje til pkt om oppseiing dersom plassen vert lite nytta under §7
- Dagens definisjon av SFO-året vert vidareført.

26.03.2026 Kommunestyret

Tilleggsframlegg, foreslått av Sæmund Stokstad, Sosialistisk Venstreparti

Administrasjonen får fullmakt til å justera sommarstenging av barnehage/SFO på Borgund, slik at desse harmoniserer når det er naudsynt

Handsaming i møtet

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet med tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke.

KS - 019/26 Vedtak

Kommunestyret vedtek forskrift for skulefritidsordninga (SFO) i Lærdal kommune med følgjande endringar:

- Frist for påmelding til sommarferie-SFO endrast til 15. april for å samsvare med barnehage.
- Leiingsstruktur vidareførast men med SFO-koordinator i staden for SFO-leiar, med presisering av at personal- og økonomiansvar ligg hjå rektor. Legge til ei presisering på at det er 0,25%adm pr barn frå de 21 bornet.
- Presisering av gratistilbod i feriar
- Opningstid i feriar fastsetjast, med minimum opningstid 08.00–15.30 og moglegheit for samordning av SFO tilbod ved behov for lengre opningstid.
- Bemanningsnorm vidareførast med formuleringa «kortare periodar» utan ytterlegare presisering.
- Leggje til pkt om oppseiing dersom plassen vert lite nytta under §7

- Dagens definisjon av SFO-året vert vidareført.
- Administrasjonen får fullmakt til å justera sommarstenging av barnehage/SFO på Borgund, slik at desse harmoniserer når det er naudsynt

020/26 Etablering av klyngetun

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunedirektøren får fullmakt til å gå vidare med prosjektet som omtalt i saka.
2. Formannskapet får fullmakt til å vedta garanti for kjøp av eventuelle bueiningar som ikkje vert seld/blir ståande ledige.

19.03.2026 Formannskapet

Handsaming i møtet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 021/26 Vedtak

1. Kommunedirektøren får fullmakt til å gå vidare med prosjektet som omtalt i saka.
2. Formannskapet får fullmakt til å vedta garanti for kjøp av eventuelle bueiningar som ikkje vert seld/blir ståande ledige.

26.03.2026 Kommunestyret

Handsaming i møtet

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 020/26 Vedtak

1. Kommunedirektøren får fullmakt til å gå vidare med prosjektet som omtalt i saka.
2. Formannskapet får fullmakt til å vedta garanti for kjøp av eventuelle bueiningar som ikkje vert seld/blir ståande ledige.

021/26 Ivar Raa - Søknad til nærings- og konsesjonsavgiftsfondet

Kommunedirektøren si tilråding:

Lærdal kommune yter eit tilskot på kr 486 395,- til Ivar Raa. Tilskotet vert innvilga til påbygg og utvikling av gulrotpakkeriet på Raa. Tilskotet skal dekkast med midlar frå nærings- og konsesjonsavgiftsfondet. Tilskotet utgjer 35 % av totalkostnaden. Tilskotet føreset av vedlagte finansieringsplan vert realisert.

19.03.2026 Formannskapet

Handsaming i møtet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 023/26 Vedtak

Lærdal kommune yter eit tilskot på kr 486 395,- til Ivar Raa. Tilskotet vert innvilga til påbygg og utvikling av gulrotpakkeriet på Raa. Tilskotet skal dekkast med midlar frå nærings- og konsesjonsavgiftsfondet. Tilskotet utgjer 35 % av totalkostnaden. Tilskotet føreset av vedlagte finansieringsplan vert realisert.

26.03.2026 Kommunestyret

Handsaming i møtet

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 021/26 Vedtak

Lærdal kommune yter eit tilskot på kr 486 395,- til Ivar Raa. Tilskotet vert innvilga til påbygg og utvikling av gulrotpakkeriet på Raa. Tilskotet skal dekkast med midlar frå nærings- og konsesjonsavgiftsfondet. Tilskotet utgjer 35 % av totalkostnaden. Tilskotet føreset av vedlagte finansieringsplan vert realisert.

022/26 Veteranplan for Sognaregionen

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek *Veteranplan for Sognaregionen* slik den ligg føre.
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjera mindre justeringar av tekst i planen knytt til endring av kontaktinformasjon eller korrigeringar av meir redaksjonell karakter.

19.03.2026 Formannskapet

Handsaming i møtet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 018/26 Vedtak

1. Kommunestyret vedtek *Veteranplan for Sognaregionen* slik den ligg føre.
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjera mindre justeringar av tekst i planen knytt til endring av kontaktinformasjon eller korrigeringar av meir redaksjonell karakter.

26.03.2026 Kommunestyret

Handsaming i møtet

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 022/26 Vedtak

1. Kommunestyret vedtek *Veteranplan for Sognaregionen* slik den ligg føre.
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjera mindre justeringar av tekst i planen knytt til endring av kontaktinformasjon eller korrigeringar av meir redaksjonell karakter.

023/26 Mogleg utvida skjenketid under Fotball VM 2026

Kommunedirektøren si tilråding:

Lærdal kommune utvidar ikkje dei kommunale skjenketidene i samband med fotball-VM 2026.

19.03.2026 Formannskapet

Handsaming i møtet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FS - 020/26 Vedtak

Lærdal kommune utvidar ikkje dei kommunale skjenketidene i samband med fotball-VM 2026.

26.03.2026 Kommunestyret

Handsaming i møtet

Jan Geir Solheim (SP) stilte spørsmål om han var ugild i saka.

Kommunestyret vedtok samrøystes at han var ugild.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 023/26 Vedtak

Lærdal kommune utvidar ikkje dei kommunale skjenketidene i samband med fotball-VM 2026.

024/26 Søknad om mellombels finansiering av moms til Borgund aktivitetspark

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Borgund grendalag får innvilga eit næringslån på inntil kr. 1 300 000 til dekking av mva i prosjektet Borgund aktivitetspark. Lånet skal betalast tilbake så snart refusjon er på plass. Lånet vert dekkja av nærings- og konsesjonsavgiftsfondet.
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å fastsette lånevilkår.

26.03.2026 Kommunestyret

Handsaming i møtet

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samtøystes vedteken.

KS - 024/26 Vedtak

1. Borgund grendalag får innvilga eit næringslån på inntil kr. 1 300 000 til dekking av mva i prosjektet Borgund aktivitetspark. Lånet skal betalast tilbake så snart refusjon er på plass. Lånet vert dekkja av nærings- og konsesjonsavgiftsfondet.
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å fastsette lånevilkår.

025/26 Godkjenning av Møteprotokoll

Kommunedirektøren si tilråding:

Møteprotokoll vert godkjend

26.03.2026 Kommunestyret

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

KS - 025/26 Vedtak

Møteprotokoll vert godkjend